

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 06.09.2023
SAKSHANDSAMAR: Arve Varden/Øystein Helleseeth
SAKA GJELD: **Budsjett 2024 - løypemelding**

ARKIVSAK: 2023/5174

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
21.09.2023

STYRESAK:
051/2023

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Førde HF tek sak om budsjett 2024 til vitende og ynskjer fortløpande informasjon om utviklinga.

Vurdering førebels rammer

Helse Førde fekk førebels ramme frå Helse Vest 14.06.2023. Dei økonomiske rammevilkåra er svært stramme framover, jf. også økonomisk langtidsplan for 2024-2028. Inntektene til HFD er stabile som følgje av folketalsutviklinga, men kostnadene aukar. Dette heng saman med teknologisk utvikling, høgare pris- og lønsvekst enn budsjettert, fleire tilsette og rentenivå.

Tabellen under viser førebels ramme frå Helse Vest for 2024, og då med fokus på endring samanlikna med 2023.

Inntektsvekst 2024 vs 2023	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Sum inntektsramme 2023	8 151 406	3 986 714	12 873 339	3 141 814
Økt arbeidsgiveravgift	28 559	14 014	51 339	13 920
Inntektsmodell halv effekt	23 942	-331	-2 175	-21 436
LIS1 Stillinger (31+100)	28 174	4 901	13 126	4 901
Korrigert grunnlag 2024 for sammenlikning mot 2023	8 232 080	4 005 297	12 935 629	3 139 198
Inntektsramme 2023 - Revidert nasjonalbudsjett	8 118 003	3 969 154	12 823 130	3 133 438
Inntektsvekst i nominelle kroner justert for nye forhold	114 077	36 143	112 500	5 760
Vekst i % justert for nye forhold	1,4 %	0,9 %	0,9 %	0,2 %

Auken på 5,7 millionar er i hovudsak knytt til ein liten vekst i ISF-inntekter. Dette er vurdert som usikkert for Helse Førde basert på aktiviteten til no i år. Basert på dette er auken null (0) kroner.

I tabellen justerer Helse Vest for andre forhold som skil 2023 frå 2024. For arbeidsgjevaravgift og LIS1-stillingar endrar inntektene seg i tråd med kostnadene. Når det gjeld inntektsmodell halv effekt, er dette innføringa av ny inntektsmodell for prehospital teneter i Helse Vest. Dette er ein reell auke for Helse Førde frå 2023 til 2024. Det betyr at endring i førebels ramma frå 2023 til 2024 er knytt til innføring av siste del av prehospital modell i Helse Vest, som altså utgjør 21,4 millionar.

Vidare er resultatkravet til Helse Førde redusert frå 20 millionar i 2023 til -2 millionar i 2024. Dette svarer til forventa auke i avskrivningar.

Handlingsrommet til administrerande direktør i forhold til realendringar er derfor 21,4 millionar før eventuell krav til innsparingar i organisasjonen. Det er meldt inn behov frå klinikkane som klart overstig dette handlingsrommet.

Budsjettprosessen

Budsjettprosessen til Helse Førde held framdrift etter plan, jf. oversikt under. Neste milepåle er fastsetting av førebels ramma til klinikkane og innmelding av endring som følgje av prosjekt, inkludert Nye Førde sjukehus.

Tidslinje

Milepæler	Aktivitet	Kommentar
Mars	7.Mars 2023 • Klinikkane får tildelt innsparingskrav for ØLP-perioden 2024-2028	Sjå eigen prosess/tidslinje for ØLP – styrehandsaming HFD 12.mai 2023
Juni	14. Juni 2023 • Førebels inntektsramme og resultatkrav 2024 fastsett av styret i Helse Vest	
August	25. august 2023 • Frist for innmelding av realendringar • Andre vesentlege forhold	Svar frå klinikkane på eventuelle endringar
September	8. september 2023 (Økonomiforum) Møter mellom AD/økonomi og klinikkane 12. september 2023 • Rammer fastsett av AD	Gjennomgang av realendringar som er innmeldt Gjennomgang i FTL 12.sept Diskutert i foretaksleinga
Oktober	1. oktober 2023 • Frist rapportering frå prosjekt • Frist for endring drifts- og investeringsbudsjett som følge av større prosjekt 2. oktober 2023 • Frist aktivitetstall i DRG poeng • Øyremerka midlar / FOU prosjekt	Informasjon til linja som ansvarleg for driftsbudsjett og investeringsutvalet mtp prioritering Gjennomgang controllar og økonomidirektør
November	10. november 2023 • Utkast budsjett inkl. bemanning • Utkast investerings-budsjett og bæreevne 24. November 2023 • Ferdig drøfta budsjett 30. November 2023 • Endelig inntektsramme 2023 med resultatkrav blir sendt ut til HF-a November/desember 2023 • Eventuelle endringar som følge av Statsbudsjettet	Informere nivå 2, FAMU og TV, samt investeringsutvalet Formidlast ut i organisasjonen Blir behandla av styret i Helse Vest i møte i starten av desember Dersom endringar må dette innarbeidast i budsjettet (AD og nivå 2) Drøftast med FAMU og TV
Desember	15. Desember 2023 • Budsjett blir behandla av styret HFD	Dokument skal sendast ut 8.desember
Januar	12. Januar 2024 • Budsjett i HFD ferdig oppdatert og overført til SAP	Klar for gjennomgang og kvalitetssikring av HV RHF (veke 3 og 4)

Vedlegg:

Styresak Helse Førde: Økonomisk langtidsplan 2024-2028, sak 029/2023

Styresak Helse Vest: Førebels inntektsfordeling, sak 060/23